

**Frå:** Pål <paal@arkbc.no>  
**Send:** fredag 25. november 2022 18:26  
**Til:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** Møte vedr. gbnr. 131/54 - Remmo 25/27 - Alverstraumen  
**Vedlegg:** Kopi av leiekontrakt med Televerket, 1969.pdf; Tidslinje for bruk av bygget.pdf

Hei!

Beklager at dette kjem i seinaste laget!!

Eg har lagt ved ei tidslinje vedr. bruken av bygget. Her hadde vi sjølvsagt håpa å kunne dokumentera meir av opplysningane før møtet, men eg har ikkje fått tilbakemelding frå Folkeregisteret på forespørselen enda. Eg legg altså ved det vi har. Opplysningane stammar m.a. frå samtale med folk som har budd i huset.

Når det gjeld spørsmål til møtet, så ønsker vi no primært å få «legalisert» dagens bruk av bygget med 4 bustader i 2. -og 3.etasje, og med næring i 1.etasje. Vi meiner at sjølv om den opprinnelige søknaden omfattar 2 nye bueiningar i 1.etasje (tilsaman 6) og bruksendring av heile huset + delar av utomhusanlegg/hage innanfor LNF, så er søknaden dekkande for det vi no ber om. Det vil altså etter vår meining ikkje framkome fleire opplysningar i ei evt. ny søknad som ikkje allereie ligg framme i dagen, og som er nevnt i søknaden. Dette meiner vi altså bør kunne akseptrast som tilstrekkelig grunnlag for kommunal behandling av saka – utan at vi må søke på nytt. Det er ingen problem å leggje fram teikningar som viser dagens situasjon.

Vi snakkast på mandag. Det blir altså berre eg som kjem, men med Svein Terje Fanebust på Teams. Send gjerne ein møte-link til han på e-post: [svein.fanebust@lyse.net](mailto:svein.fanebust@lyse.net)

God helg!!

Vennlig hilsen

ARKITEKTKONTORET  
**BØRTVEIT & CARLSEN AS**



Hagellia 6  
5914 Isdalstø

Pål-Jøran Carlsen  
Tlf: 400 41 614  
Epost: [paal@arkbc.no](mailto:paal@arkbc.no)